



Gloppen kommunestyre stemmer i budsjettsaka i kommunestyremøtet onsdag.

Gjorde samrøystes vedtak i budsjettsaka

Tilskot til Inviro, Midtvegen 615, Studentstova og Gloppen Næringsorganisasjon var nokre av endringane i det reviderte fellesframlegget som blei vedteke i budsjettmøtet i Gloppen kommunestyre onsdag.

Benedikte Grov
benedikte@firdatidend.no

Senterpartiet, Høgre, Arbeiderpartiet, KrF, MDG og Venstre hadde i forkant av kommunestyremøtet onsdag fremja eit felles revidert budsjettframlegg.

Framlegget er basert på kompromissforslaget som blei vedteke i Gloppen formannskap 26. november, som igjen bygde på eit forslag frå Sp og SV, men med nokre endringar.

Vil gi tilskot til GN

Mellom endringane fleirtala av partia har gjort, er at tilskota til Inviro AS, vegselkapet Midtvegen 615 og Studentstova er teke inn igjen for åra 2026-2029. Samla utgjør dette 90.000 kroner årlig, fordelt med 30.000 kroner årlig til Inviro, 20.000 kroner til Midtvegen AS og

40.000 kroner til Studentstova. Partia har også lagt inn eit tilskot til Gloppen Næringsorganisasjon på 500.000 kroner for åra 2026-2029. Tilskotet er tenkt finansiert ved auke innanfor administrative innsparingstiltak på formannskapsområdet med tilsvarende beløp desse tre åra.

Det ligg også til grunn at Gloppen kommune etter vedteke statsbudsjett får ein forventet auke i rammetilskotet på 3,67 millionar kroner i 2026.

Størst kutt i oppvekst

Då kommunedirektøren la fram sitt forslag til budsjett og økonomiplan i haust, var det med forslag om kutt i tenestetilbodet på nær 9 millionar kroner. Fordi kuttet ikkje får verknad med ein gong, vil heilårseffekten av kuttet vere på kring 15 millionar.

Oppvekstsektoren var pålagt størstedelen av kuttet, med 10 millionar kroner i heilårseffekt, og 5,8 millionar kroner i faktisk effekt i 2026.

Også innan helse- og omsorgssektoren og dei to områda samfunn og berekraft og formannskapsområdet, var det lagt opp til kutt.

I innstillinga frå formannskapet, som fellesframlegget byggjer på, vart det gjort nokre endringar sett opp imot kommunedirektøren sitt framlegg.

Mellom anna ville formannskapet spare meir innan helse- og velferdssektoren. Formannskapet ville ikkje seie opp gjeldande avtale for kjøp av barnehageplassar i Sunnfjord kommune til nokre barn i Solheim krins, eller redusere grunnbemanninga i barnehagane. Formannskapet ville også halde oppe støtta til arbeidet til Nordfjordkompaniet, og støtte eit prosjekt med jobbtreining for ungdom.

Eit verbalforslag støtta opp om ei retaksering av næringsseigdomane i Gloppen i 2026, men at ein etter retakseringa kan vurdere promille-satsen for eigedomsskatten.

– God budsjettprosess

Under møtet i kommunestyret, uttrykte fleire kommunestyrerepresentantar at det hadde vore godt samarbeid om budsjettprosessen. I innlegget sitt uttrykte gruppeleiar Per Jarle Myklebust i Senterpartiet glede over at alle partia med unntak av SV hadde vorte samde om eit justert fellesframlegg med utgangspunkt i innstillinga frå formannskapet.

– Alle har gitt mykje og fått litt for å kome i mål med dette, sa Myklebust.

Også for mange Sp-representantar smertar mange av kuttet, men ein tek ansvar for heilskapen, påpeikte gruppeleiar.

Han drog det også fram som positivt at ein ikkje har falle for freistinga å bruke av dei nær 3,7 ekstra millionane som kom i samband med statsbudsjettet.

– Desse ekstrapengane er med på å redusere eit allereie stort underskot. Hadde vi brukt meir i år, hadde vi likevel berre brukt pengar vi ikkje har og skubba problema framfor oss til neste år, sa Myklebust.

Gruppeleiar Reiar Moldestad i Høgre meinte det meste gledelege var at fleirtalet av partia hadde lukkast med å einast om eit fellesframlegg.

– Det syner at alle er med og tek ansvar for den økonomiske situasjonen vi står i, og ikkje rir politiske kjepphestar, sa han.

Verna om grunnbemanninga

Fleire trekte i debatten fram den krevjande økonomiske situasjonen i norske kommunar, og utfordringa som ligg i den demografiske utviklinga ein står overfor, også i Gloppen, med fleire eldre og færre i yrkesaktiv alder.

Gruppeleiar i KrF, Ragne Mari Røed Kandal, og andre representantar var fornøgd med at ein verna tiltak som styrkt grunnbemanning i barnehagane.

– Vi skjermar barnehagane, styrkjer omsorga sjølv med moderate kutt, og satsar på kompetanse og næringsliv. Slik

byggjer vi eit Gloppen som er godt å leve i for alle generasjonar, sa gruppeleiar Monica Røsandhaug Grov i Ap i sitt innlegg.

Mange av høyringsinnspel til budsjettsaka har uttrykt uro for kuttet i oppvekstsektoren. Den uroa delte Hallgeir Hansen (MDG), som stilte spørsmål ved om ein gav dei tilsette i sektoren gode rammer.

– Så langt eg les av desse innlegga, ser det ut som det kan bli svært krevjande å drive ein god skule i Gloppen når vi gjer desse kuttet, sa Hansen.

Eit noko mindre minus

I budsjettframlegget frå kommunedirektøren, som blei presentert tidlegare i haust, låg det til grunn at kommunen ville måtte bruke kring 6 millionar kroner av disposisjonsfondet i 2026.

Med det felles budsjettframlegget og ekstrapengar over statsbudsjettet på nær 3,7 millionar kroner, er dette talet redusert til kring 2 millionar kroner.

Eit tilleggssamlegg frå SV om å reverse eit kutt innan fysioterapi, fekk åtte stemmer og fall.

Budsjettframlegget frå Senterpartiet, Høgre, Arbeiderpartiet, KrF, MDG og Venstre blei samrøystes vedteke i Gloppen kommunestyre.